

# Forskrift for ordens- og åtferdsreglement for grunnskulen i Etne kommune.

Vedteken i k-styret 09.04.2015 (k-sak 017/15) med endring av rådmannen 07.03.2019

## Innhald

I. Innleiing .....	2
§ 1. Heimele.....	2
§ 2. Føremål.....	2
§ 3. Verkeområde .....	2
II. Rettar og plikter.....	3
§ 4. Generell oppførsel.....	3
§ 4-1. Du har krav på: .....	3
§ 4-2. Du har plikt til å: .....	3
Ut frå § 4-1 og 2 gjeld følgjande reglar:.....	3
§ 4-3. Farlege gjenstandar:.....	3
§ 4-4. Rusmiddel:.....	3
§ 4-5.0 Mobbing og annan valdeleg åtferd: .....	3
§ 4-5.1 Kjønnsrelatert trakassering .....	3
§ 4-5.2 Rasisme: .....	4
§ 4-5.3 Religiøs trakassering:.....	4
§ 4-6. Juks .....	4
§ 4-7. Symbolbruk: .....	4
§ 4-8A. Privat mobiltelefon/nettbrett/kamera o.l.: .....	4
§ 4-8B. Kommunal iPad .....	4
III. Sanksjonar .....	4
§ 5. Sanksjonar - tiltak ved brot på reglement for orden og åtferd .....	4
§ 5-1.Kontroll.....	5
Ved rimeleg grunn til mistanke om brot av § 4, pkt. 3 og/eller pkt. 4, skal føresette/heimen kontaktast, og leiinga ved skulen kan be eleven visa fram eigendelar som t.d. ytterjakker, sekkar og vesker, samt oppbevaringsstader som elevane disponerer, t.d. garderobeskåp, bokskåp og liknande. Slik kontroll skal gjerast med minst to vaksne til stades og i eige/skjerma rom. Dersom eleven ikkje godtek dette, vil skuleleiinga på nytt kontakta heimen for assistanse/frammøte. Ved særlege høve kan også politi kontaktast. Skulen har plikt til å handla dersom elevar har med seg farlege gjenstandar eller rusmiddel. ....	5
§ 5-2. Refsingstiltak: .....	5
§ 5-3. Straffbare forhold:.....	5
§ 5-4.Erstatningsansvar: .....	5
§ 5-5. Brot på reglement for orden og åtferd kan føra til følgjande tiltak:.....	5
§ 5-6. Bortvisning:.....	6

# Forskrift for ordens- og åtferdsreglement for grunnskulen i Etne kommune.

Vedteken i k-styret 09.04.2015 (k-sak 017/15) med endring av rådmannen 07.03.2019

§ 5-7. Flytting av elev til annen skule: .....	6
§ 5-8. Ugyldig fråvær .....	6
§ 5-9. Karakterar i orden og åtferd (jfr. forskrift til Opplæringslova § 3-5):.....	6
III. Saksbehandling.....	6
1. Generelt.....	6
2. Kunngjering.....	6

## I. Innleiing

### § 1. Heimel

Med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæring (opplæringslova) og i kommunestyrevedtak \_\_ \_\_.2015, vert forskrift om felles reglement i orden og åtferd for grunnskulen i Etne fastsett.

Den einskilde skulen skal ha eit handlingsprogram som omhandlar elevane sitt psykososiale miljø etter *kap.9a i Opplæringslova*.

### § 2. Føremål

Etneskulen skal vera prega av samarbeid, trivsel, respekt og medansvar.

Reglementet for orden og åtferd er eit verkemiddel for å nå denne målsetjinga og for å sikra at skulesamfunnet skal vera ein lærings- og arbeidsplass der alle trivst og får høve til å gjera ein god jobb.

### § 3. Verkeområde

Reglementet omfattar alle grunnskulane i Etne kommune.

I tillegg skal kvar skule laga utfyllande ordens- og åtferdsreglar tilpassa skulen sine behov.

Rektor fastset desse etter høyring i dei ulike organa på skulen.

Forskrifta kan ikkje fråvikast.

Reglementet inneheld reglar for orden og åtferd, og reglar om kva tiltak som skal brukast dersom elevar bryt reglementet (sanksjonar) og reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast.

Elevane har ei rekkje rettar og plikter i samsvar med Opplæringslova og forskrift til Opplæringslova. Dei vert ikkje nærare behandla her. Skulen skal informera elevar og føresette om andre reglar og rettar knytt til skulegang for elevane.

Reglementet gjeld for alle aktivitetar i regi av skulen, uavhengig av stad og gjeld også på skulevegen.

Etne kommune skal ha tydelege vaksne som har eit positivt syn på born og unge. Skulen er ein læringsarena og ein arbeidsplass for mange menneske, både born, unge og vaksne.

Reglementet for orden og åtferd er med på å stilla krav og skapa føresetnader for både elevar, føresette og tilsette.

# Forskrift for ordens- og åtferdsreglement for grunnskulen i Etne kommune.

Vedteken i k-styret 09.04.2015 (k-sak 017/15) med endring av rådmannen 07.03.2019

## II. Rettar og plikter

### § 4. Generell oppførsel

Skulane i Etne skal gje elevane dei beste høve for læring og utvikling. Det er difor viktig å skapa eit godt arbeidsmiljø for både elevar og tilsette på den einskilde skulen. Alle skal følgja god folkeskikk og elles vanlege reglar i samfunnet.

Som elev har du både rettar og plikter:

#### **§ 4-1. Du har krav på:**

- at skulen legg til rette for eit godt lærings- og skulemiljø
- at alle behandlar deg på en skikkeleg måte
- at andre viser deg respekt og let eigendelane dine vera i fred
- at du skal vera fri for fysisk, psykisk og verbal plaging/mobbing
- at lærarar og andre tilsette grip inn og reagerer mot mobbing
- at du får ein skulekvardag og skuleveg som er fri for krenkande handlingar

#### **§ 4-2. Du har plikt til å:**

- visa omsyn, respekt og vera høfleg overfor andre
- bruka eit språk som ikkje krenker andre, der iblant banning
- gjera ditt beste for å bidra til eit godt lærings- og skulemiljø
- visa andre respekt og la deira og skulen sine eigendelar vera i fred
- ikkje plaga, sjikanera eller mobba nokon, korkje fysisk, psykisk eller verbalt
- møte presis til timar og avtalar
- delta aktivt i opplæringa
- levera arbeid og oppgåver til fastsette fristar
- dokumentera fråvær gjennom melding eller innvilga permisjon
- opphalda deg på skulen sitt område frå skulestart til skuleslutt. (Rektor kan gje dispensasjon frå denne regelen)

#### **Ut frå § 4-1 og 2 gjeld følgjande reglar:**

#### **§ 4-3. Farlege gjenstandar:**

Det er ikkje tillate å ta med eller bera kniv, våpen eller andre gjenstandar som kan skada ein sjølv eller andre.

#### **§ 4-4. Rusmiddel:**

Det er forbode å vera rusa, bruka, oppbevare, omsetja eller ha med seg tobakk, snus, alkohol, narkotika eller andre typar rusmiddel på skulen. Gjeld også e-sigarettar.

Skulen kan inndra rusmiddel. Tobakk, snus og alkohol vil bli overlevert føresette.

Ulovlege rusmiddel vil bli overlevert politiet.

#### **§ 4-5.0 Mobbing og annan valdeleg åtferd:**

Vald og trugsmål om vald skal ikkje akseptast i skulen i Etne.

Mobbing er fysiske/psykiske overgrep over tid retta mot ein eller fleire elevar eller tilsette. Det vert rekna som vald.

#### **§ 4-5.1 Kjønnrelatert trakassering**

Forskjellsbehandling, fysiske eller psykiske angrep på grunn av kjønn er ikkje tillate.

Kjønnrelatert og seksualisert trakassering vert ikkje tillate i Etneskulen.

# Forskrift for ordens- og åtferdsreglement for grunnskulen i Etne kommune.

Vedteken i k-styret 09.04.2015 (k-sak 017/15) med endring av rådmannen 07.03.2019

## **§ 4-5.2 Rasisme:**

Diskriminering, negative fordommar og generaliserande oppfatningar om etniske grupper, dvs. å nekta lik behandling på etnisk grunnlag, vert ikkje akseptert.

## **§ 4-5.3 Religiøs trakassering:**

Negativ forskjellsbehandling eller mobbing i forhold til religiøs tilknytning er ikkje tillate.

## **§ 4-6. Juks**

Ved juks eller forsøk på juks i samband med skulearbeid, kan rektor bestemma at arbeidet vert annullert eller nytta anna refsingstiltak.

## **§ 4-7. Symbolbruk:**

Det er ikkje tillate å bruka symbol for rusmiddel eller noko som kan verka støyande, på klede, smykke, plakatar og liknande.

## **§ 4-8A. Privat mobiltelefon/nettbrett/kamera o.l.:**

Mobiltelefon/nettbrett/kamera o.l. skal vera avslått frå skulestart til skuleslutt og vil heller ikkje vera lov å nytta i friminutta.

10. klassingar, som er utanfor skuleområdet i matpausen, kan nytta mobiltelefon, nettbrett, kamera o. l. utanfor skuleområdet. Apparata skal vera avslått når dei kjem attende til skuleområdet. Regelen gjeld også ved undervisning i andre lokale enn på skulen og på vegen til og frå desse lokala.

Rektor kan i einskildhøve fråvika frå reglane under § 4-8.

## **§ 4-8B. Kommunal iPad**

Skulane i Etne kommune nyttar iPad som digitalt verktøy i undervisninga. iPaden skal brukast slik lærar bestemmer. Eleven skal ikkje sletta eller leggja til appar. Vernedekselet iPaden vert levert med, skal alltid vera på. Det vert forventa at elevane tek godt vare på iPaden.

## **§ 4-9. Ansvar for verdisaker**

Elevane tek med verdisaker, mobiltelefon, nettbrett, PC m.m. på eige ansvar.

## **III. Sanksjonar**

### **§ 5. Sanksjonar - tiltak ved brot på reglement for orden og åtferd**

Alle sanksjonar skal vera slik at elevane forstår kva for reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere på dette. Sanksjonar skal stå i rimeleg forhold til brot på reglementet. Eleven skal dersom det er mogeleg, få høve til å gjera opp for seg.

Som hovudregel skal det berre nyttast sanksjonar som følgjer av lov eller reglement.

# Forskrift for ordens- og åtferdsreglement for grunnskulen i Etne kommune.

Vedteken i k-styret 09.04.2015 (k-sak 017/15) med endring av rådmannen 07.03.2019

## **§ 5-1.Kontroll**

Ved rimeleg grunn til mistanke om brot av § 4, pkt. 3 og/eller pkt. 4, skal føresette/heimen kontaktast, og leiinga ved skulen kan be eleven visa fram eigendelar som t.d. ytterjakker, sekkar og vesker, samt oppbevaringsstader som elevane disponerer, t.d. garderobeskåp, bokskåp og liknande. Slik kontroll skal gjerast med minst to vaksne til stades og i eige/skjerma rom. Dersom eleven ikkje godtek dette, vil skuleleiinga på nytt kontakta heimen for assistanse/frammøte. Ved særlege høve kan også politi kontaktast. Skulen har plikt til å handla dersom elevar har med seg farlege gjenstandar eller rusmiddel.

## **§ 5-2. Refsingstiltak:**

Før ein set i gang refsingstiltak, har eleven krav på å forklara seg munnleg overfor den/dei som skal fatta vedtaket. Heimen skal kontaktast, og eleven har i møte med skulen rett til å ta med seg føresette, eller personar føresette gjev fullmakt til å møta.

## **§ 5-3. Straffbare forhold:**

Dersom det ligg føre mistanke om straffbare forhold, skal skulen be om bistand frå politiet til å gjennomføra kontroll eller andre tiltak.

Dette gjeld forhold som tjuveri, skadeverk, vald, trugsmål, tvang, narkotika, rasistiske utsegn og handlingar, seksuell trakassering, sjikane på grunn av religion eller livssyn og liknande.

I tillegg kan nettbasert mobbing meldast til politiet.

Foreldre/dei føresette til eleven skal så vidt mogeleg varslast munnleg samstundes som politiet vert oppmoda om bistand. Foreldre/dei føresette skal uansett varslast skriftleg om at det er søkt om bistand frå politiet.

Straffbare forhold skal meldast til politiet.

Dersom den fornærma er ein elev, avgjer eleven/foreldre/føresette om forholdet skal meldast.

## **§ 5-4.Erstatningsansvar:**

Ved bevisst skade eller skadeverk på skulen sin eigedom og utstyr kan eleven i tillegg til å bli pålagt sanksjonar etter reglementet her, også bli erstatningsansvarleg, jf. [skadeserstatningslova § 1-1](#). Foreldre er erstatningsansvarlege etter [skadeserstatningslova § 1-2](#), for tida inntil kr 5000.

Det same gjeld ved tap eller øydelegging av bøker og anna utstyr.

Skulen skal reagera dersom elevar øydelegg eigendelar for andre elevar/tilsette.

## **§ 5-5. Brot på reglement for orden og åtferd kan føra til følgjande tiltak:**

- a. Tala til rette munnleg.
- b. Munnleg melding til foreldre/føresette.
- c. Skriftleg melding til foreldre/føresette.
- d. Gjenstandar som blir brukt på ein farleg, provoserande eller krenkande måte, kan bli dratt inn. Inndregne gjenstandar kan leverast tilbake til foreldre/føresette.  
Ulovlege gjenstandar vert overlevert til politiet.  
Ulovlege rusmiddel vert overlevert til politiet.
- e. Pålegg om oppgåver for å retta opp skade dei har påført skulen sin eigedom eller eigendelar (rydda søppel, fjerna tagging, vaska o.l.).
- f. Beskjed om å møta utanom vanleg skuletid.
- g. Individuelt undervisningsopplegg.
- h. Midlertidig eller permanent gruppetilhøyr. Foreldre/føresette vert informert.
- i. Ved brot på § 4 pkt. 8 A og eller B (mobiltelefon m.m. og iPad) vert det aktuelle apparatet inndregne. Eleven kan henta det når skuledagen er slutt.

# Forskrift for ordens- og åtferdsreglement for grunnskulen i Etne kommune.

Vedteken i k-styret 09.04.2015 (k-sak 017/15) med endring av rådmannen 07.03.2019

## **§ 5-6. Bortvisning:**

Ved bruk av vald og/eller trugsmål, særleg provoserande åtferd eller andre grove brot på ordensreglementet, kan elevar på 8.-10. klassesteg visast bort frå undervisninga i inntil tre dagar. Elevar på 1.-7. klassesteg kan visast bort frå undervisninga for einskildtimar og resten av dagen.

Rektor sjølv vedtek bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Før det vert gjort vedtak, skal ein ha vurdert å bruka andre hjelpe- eller refsingstiltak.

Eleven skal få høve til å forklara seg munnleg. Eleven kan ta med seg føresette.

Foreldre/føresette til elevene skal varslast før bortvising vert sett i verk, jf. Opplæringslova § 2-10.

Tiltak etter § 5-5g vert rekna som bortvising.

## **§ 5-7. Flytting av elev til annen skule:**

«Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein elev i særlege tilfelle flyttast til ein annan skule enn den skulen eleven har rett til å gå på etter første leddet. Før det blir gjort vedtak om å flytta ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak», jf. Opplæringslova § 8-1, 3 avsnitt. Rådmannen tek avgjerder i slike saker.

## **§ 5-8. Ugyldig fråvær**

Den einskilde skulen fastsett reglar for fråvær i sitt ordensreglement.

Dersom eleven er borte frå skulen meir enn tre dagar, skal heimen kontakta skulen.

## **§ 5-9. Karakterar i orden og åtferd (jfr. forskrift til Opplæringslova § 3-5):**

Ved fastsetjing av karakterar i orden og åtferd skal ein ta omsyn til i kva grad eleven opptrer i tråd med reglement for orden og åtferd for grunnskulen i Etne kommune og den einskilde skulen sitt reglement.

Grunnlaget for vurdering i orden er knytt til om eleven er førebudd, arbeidsvanar og arbeidsinnsats. Dette er knytt til om eleven møter presis, følgjer opp arbeid som skal gjerast og har med nødvendige læremiddel og utstyr.

Grunnlaget for vurdering i åtferd er knytt til korleis eleven er mot medelevar, tilsette i eller utanom opplæringa. Det inneber at eleven viser omsyn og respekt for andre.

Vurdering i orden- og åtferd skal vera skilt frå vurderinga av eleven sin kompetanse i fag.

I vurdering av orden og åtferd skal det takast omsyn til eleven sine føresetnader. Til vanleg skal ein ikkje leggja avgjerande vekt på einskildhendingar, unnateke når desse er særleg klanderverdige eller grove.

## **III. Saksbehandling**

### **1. Generelt**

Saksbehandling ved brot på ordensreglementet følgjer reglane i opplæringslova § 2-9, samt saksbehandlingsreglane i forvaltningslova, medrekna kap. III - kap. VI ved einskildvedtak.

### **2. Kunngjering**

Reglementet for orden og oppførsel, både det kommunale og det lokale, vert gjort kjent for elevar, foreldre/føresette og tilsette kvart år ved byrjinga på skuleåret.

### **IV. Iverksetjing**

Denne forskrifta trer i kraft 01.08.2015